



REFERAT FRÅ ÅRSMØTET 2008 JØSNESET BYGDARÅD

**13.mars 2008 klokka 19.00
i Trivelsstova.**

Frammøte:

Styret (minus Øyvind Oaland) Kåre Hansen stilte som vara.
6 andre møtte utanom styret.

1. **Ordstyrar:** Oddbjørn Fossaa (leiar)
2. Ingen merknadar til **innkalling og saksliste**.
3. **Årsmelding og rekneskap** blei gått gjennom. Ingen kommentarar til årsmeldinga.
Det blei spurt om det er mogleg at Bygdarådet overtek 17.mai komiteen sin konto, slik at det ikkje kvart år må så mykje styr til for dei som sit i komiteen.
Det blei og stilt spørsmål til kvifor Bygdarådet sit med to kontoar. Går det ikkje an å slå dei saman.
4. **Årsmelding og rekneskap for Jøsneset Bedehus.** Trygve Brandal kom og la fram desse.
Det blei informert om at vil bli ein kommande utgift då det er kome ein vannskade i kjellaren. Håper på å redusere utgiftene ved å ha dugnad.
Kommentarar: Kva skjer med å utvide parkeringsplassen ved bedehuset?
Det blei foreslått å flytte Juletreffesten ”tilbake” til bedehuset.
Me bør få info om bedehuset inn på heimesida til Jøsneset.

5. **Val.**

Forslag frå valnemda blei einstemmig godkjent og klappa gjennom.

Oddbjørn Fossaa - attval leiar

Berit Skiftun Hjorteland, nytt styremedlem

Silje Sværen, nytt styremedlem

Kåre Hansen, attval varamedlem

Sven Westersjø, attval varamedlem

Solveig Bog Bouzane: nytt medlem i valnemda

(Svanhild går ut av valnemda, Rasin blir sitjande 1 år til og

Lars Reidar 2 år til).

Helga Havnerås og Terje Bremnes var ikkje på val, så dei sit i styret eitt år til.

Øyvind Oaland går ut etter 6 år, Solveig Bog Bouzane går ut etter 4 år.

6. **Eventuelt.**

- Kva skjer med å få lys i Nesvikbakken? Dette er noko me lenge har spurt om. Men har aldri fått gjennomslag hjå kommunen.
- Brøyting. Det er eit stort problem at me ikkje har fått sand til strøing av vegane.
- Ferjetider. Har me i bygdarådet gjort noko i forbindelse med desse? Bygdarådet informerte om at me har snakka med ordførar og sendt brev til kommunen der me har uttala oss på vegne av bygda om at ferjetidene slik dei er i dag ikkje er gode nok. Me la særleg vekt på alle turane om Ombo som gjer reisetida vår veldig mykje lenger. Dette er særleg eit problem for borna våre som er på ulike aktivitetar på Hjelmelandssida.
- Tilflytning til bygda. Me må ta ein gjennomgang der me ser på kva som kan gjerast for at folk skal vere interesserte i å flytte hit.

Solveig Bouzane, sekretær